

---

Saksnr: 2021/27679-2  
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.11.21
Fylkestinget		15.12.21

**Godkjenning av to prosjektrekneskap**

Forslag til innstilling

Rekneskapane for Arna vidaregåande skule – ombygging og Odda vidaregåande skule – ombygging/rehabilitering vert godkjende.

Samandrag

For prosjektet Arna vidaregåande skule - ombygging er det eit mindreforbruk på kr 7 005 976 eller 11,6 %. Kostnadsramma for prosjektet var 60,5 mill. kr.

Prosjektet har undervegs utarbeidd meir effektive løysingar, noko som har ført til mindreforbruket.

For prosjektet Odda vidaregåande skule - ombygging/rehabilitering er det eit meirforbruk på kr 3 724 441 eller 2,1 %. Kostnadsramma for prosjektet var 185,0 mill. kr. Prosjektet vart starta i 2014 og hovudårsaka til meirforbruket er at prosjektet vart meir komplekst enn lagt til grunn i kalkylen.

Fylkesdirektøren tilrår at prosjektrekneskapane vert godkjende.

Fylkesdirektøren viser elles til at ein no går gjennom prosjektporteføljen med sikte på å avslutte prosjekt som er overtekne for meir enn to år sidan. Fylkesdirektøren vil og orientere kontrollutvalet i fyrste møte i 2022 om rutinar og status for avslutta og pågåande prosjekt.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 FUV 35-2018
- 2 Rapport Arna Vgs pr 31.12.19
- 3 Rekneskapsavslutning Arna vgs
- 4 Rekneskapsavslutning Arna vgs
- 5 Retningslinjer  
prosjektrekneskap
- 6 Saksprotokoll kontrollutvalet
- 7 Uttale kontrollutvalet

- 8 Uttale frå revisor Arna vgs
- 9 Uttale frå revisor Odda vgs
- 10 Rekneskap Odda vgs

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektrekneskapane vart handsama i kontrollutvalet 26.10.2021. Uttale frå kontrollutvalet for prosjekta er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under. Det er og vedlagt saka saksprotokoll frå kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte for dei avslutta prosjektrekneskapane:

Prosjekt nr. 02154/013014 - Arna vidaregåande skule - ombygging  
 Prosjekt nr. 02131/013011 - Odda vidaregåande skule - ombygging/rehabilitering

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjekta, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Ei oversikt over prosjekta er sett opp under.

## Prosjektrekneskap

Prosjektnr	Eining	Prosjektformål	Løyvingar	Rekneskap	Avvik	Avvik %
02154/013014	Arna vidaregåande skule	Ombygging	kr 60 500 000	kr 53 494 024	kr 7 005 976	11,6 %
02131/013011	Odda vidaregåande skule	Ombygging/rehabilitering	kr 185 000 000	kr 188 724 441	-kr 3 724 441	-2,0 %

For prosjektet Arna vidaregåande skule - ombygging er det eit mindreforbruk på kr 7 005 976 eller 11,6 %. Fyrste etasje er ombyggt til arbeidsplassar for lærarar og undervisningsrom for linje media og kommunikasjon. Tilfluktsrommet er oppgradert til moderne standard. Andre etasje er bygd om til kantine for tilsette og elevar og undervisningsrom for linjene byggavdeling og helse og omsorg.

For prosjektet Odda vidaregåande skule - ombygging/rehabilitering er det eit meirforbruk på kr 3 724 441 eller 2,1 %. Arbeidet for Odda vidaregåande skule var ein totalrehabilitering av bygg for yrkesfag - innvendig og delvis utvendig. Alt teknisk er oppgradert til dagens standard - TEK 17.

Under arbeidet vart det avdekkja ytterlegare behov som ein ikkje hadde kjennskap til under ved utarbeiding av kostnadsoverslaget og som ein konsekvens vart det meirforbruk for prosjektet.

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet gjorde slik tilråding i saka:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke nesten 3 år sidan skulane vart tekne i bruk og fram til prosjektrekneskapane ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet har også merka seg at avviksforklaringa for prosjektet Odda vgs. Ikkje var lett tilgjengeleg i notat om rekneskapsavslutninga.
4. Kontrollutvalet oppmodar fylkesdirektøren vurdere om rutinane i høve punkt 2 og 3 er gode og dekkande nok.
5. Kontrollutvalet inviterer fylkesdirektøren til å informera om praktisering av gjeldande retningslinjer, herunder om tidsrett ferdigstilling av prosjekta.

Fylkesdirektøren viser elles til saksutgreiinga til kontrollutvalet som ligg ved saka.

## Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at prosjektrekneskapane vert godkjende.

Rutinane for å avslutte prosjekt for eigedomsavdelinga er endra slik at det no skal gå kortare tid frå overtaking av prosjekt til avslutning. Det er sett ein intern frist på to år frå overtaking til prosjekta skal vere avslutta.

Ein går no gjennom prosjektporteføljen med sikte på å avslutte prosjekt som er overtekne for meir enn to år sidan.

Slik det går fram av tilrådinga frå kontrollutvalet, vil fylkesdirektøren orientere nærare om gjeldande rutinar og status for prosjektporteføljen. Orienteringa er avtalt til fyrste møte i kontrollutvalet i 2022.

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ingen verknad

**Klima:** Ingen verknad

**Folkehelse:** Ingen verknad

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:** Ingen verknad